

Manus i rettleiingsvideo om plikta til å undersøke

Hei, eg er Tone Gjøl Gardsjord og arbeider som seniorrådgjevar hos Statsforvaltaren i Vestland. I denne informasjonsvideoen vil vi gå litt djupare inn i plikta til å undersøke.

Og eg er Therese Johnsen Klyve, og eg arbeider også som seniorrådgjevar hos Statsforvaltaren i Vestland.

Vi har tidlegare publisert ein video der vi tok for oss aktivitetsplikta på eit overordna plan. Der gjekk vi også kort gjennom dei ulike delpliktene, og de er derfor kjend med pliktene til både å følge med, gripe inn og melde frå.

I denne videoen skal vi berre konsentrere oss om plikta til å undersøke. Og vi vil derfor både sei noko om når skolen skal undersøke, kva skolen skal undersøke, ulike måtar skolen kan undersøke på, og til slutt sei noko om plikta til å dokumentere.

Ein av grunnane til at vi har valt å lage ein eigen video om plikta til å undersøke, er at vi erfarer at det er brot på denne plikta i fleirtalet av sakene som kjem til oss gjennom handhevingssordninga. Dette handlar nokre gonger om at skolane ikkje har kome raskt nok i gang med undersøkinga, sjølv om dei har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen. Mens i andre tilfelle ser vi at skolane ikkje gjer grundige nok undersøkingar før dei set i gong tiltak. For å kunne finne egna og tilstrekkelege tiltak i skolemiljø saker, er det heilt avgjerande å undersøke godt nok, slik at ein faktisk veit kva som er problemet eller problema.

Når vi no ser nærmare på sjølve lovteksten, så seier den at skolen snarast skal undersøke saka dersom dei har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Formålet med undersøkingane er som nemnd altså å få eit tilstrekkeleg grunnlag til å setje inn egna tiltak.

Skolen si plikt til å undersøke, gjeld uansett kva som er årsaka til at eleven kjenner seg utrygg eller ikkje trivst på skulen. Det betyr at skolen har ei plikt til å undersøke sjølv om det er forhold utanfor skolen som påverkar eleven si oppleving av skolemiljøet.

Skolen må i den enkelte sak ta ei konkret og fagleg vurdering av kva undersøkingar som er aktuelle og egna. Kor grundige undersøkingar som skal setjast i gang, må vurderast frå sak til sak. I tillegg skal eleven sitt beste og eventuelle sårbarheit vere ein del av skolen si vurdering.

Fordi skolen skal undersøke eleven si subjektive oppleving av skolemiljøet, må skolen legge til rette for å høyre eleven som ein del av undersøkingane sine.

Det er viktig at skolen tar eleven si oppleving på alvor når dei skal undersøke saka. Det handlar altså *ikkje* om å skaffe bevis for eller imot at eleven har blitt krenka, eller har eit utrygt skolemiljø. Dette heng jo saman med at skolen si aktivitetsplikt er knytt til eleven si subjektive oppleving, og at eleven har rett på eit trygt og godt skolemiljø som fremjar

helse, inkludering, trivsel og læring. Altså mykje meir enn berre eit skolemiljø som er fritt for mobbing og andre krenkingar.

Som vi nemnde i innleiinga skal altså skolen undersøke både ved mistanke om, eller kjennskap til, at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen.

Når vi snakkar om mistanke om, eller kjennskap til, så inneber dette at det skal vere den same låge terskelen for å starte opp undersøkingar som det er for å melde frå.

Mistanke kan skolen til dømes få gjennom observasjon, kartlegging eller informasjon fra andre. Kjennskap kan skolen til dømes få dersom eleven sjølv, eller foreldra seier frå om at eleven ikkje har det trygt og godt på skolen.

Det er viktig å merke seg at dersom ein elev sjølv seier frå, så blir alltid plikta til å undersøke nærmare utløyst. Det held at eleven til dømes seier at den ikkje trivst, eller at skolemiljøet ikkje er trygt, for skolen kan ikkje forvente at eleven skal nytte ord frå lova eller vaksne sine omgrep.

Når det står at skolen skal undersøke snarast, så betyr det så fort som mogleg. Dersom delar av undersøkingane *må* utsetjast, må skolen kunne grunngi kvifor dette eventuelt skjer.

No har eg sagt litt om *når* plikta til å undersøke trer inn, men *kva* er det skolen faktisk skal undersøke, Tone?

Jo, skolen skal undersøke både eleven si subjektive oppleving av skolemiljøet og kva faktorar som bidreg til å oppretthalde denne opplevinga.

Formålet med undersøkingane er å få fram både fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva forhold i omgivnadene som påverkar korleis eleven har det på skolen. Dette inneber som regel undersøkingar på fleire nivå, og det er ofte ikkje nok å undersøke forhold som berre angår den enkelte eleven. I tillegg til individnivå, vil det ofte vere behov for å undersøke på gruppe-, klasse- og/eller trinn- nivå. For relasjonar mellom elevane, sosiale dynamikkar og kultur i elevgruppa vil nesten alltid påverke den enkelte elev si oppleving av skolemiljøet. Skolen må vere merksam på at det kan vere sosiale dynamikkar i elevgruppa som ikkje er synlege i det daglege, men som likevel påverkar situasjonen til eleven. I tillegg må ein alltid ha med seg at elevane kan oppleve gitte situasjonar ulikt på grunn av tidlegare erfaringar og sårbarheit.

Til slutt vil vi gjenta at det er avgjerande at skolen undersøker så grundig at dei får *nok* kunnskap til å setje inn *egna og tilstrekkelege* tiltak.

Og så, Therese, i forlenginga av at eg no har sagt noko om kva skolen skal undersøke, så er det naturleg å gå nærmare inn på *korleis* skolen kan undersøke.

Ja, det skal vi sei litt om, men det er viktig å understreke at det vi no skal gå gjennom kun er døme på korleis skolen *kan* undersøke, og *ikkje* ei uttømmende liste.

Ofte vil det vere aktuelt å gjennomføre til dømes samtalar med elevar og føresette, systematiske observasjonar og relasjonskartleggingar. Dette skal vi no gå igjennom. Men før vi gjer det er det viktig å understreke at kva metodar skolen vel å bruke, må ta utgangspunkt i konkrete og faglege vurderingar i den enkelte sak. I tillegg må skolen alltid vurdere kva for undersøkingar som vil vere til eleven sitt beste.

Så då, Tone, vil du sei noko meir om det å gjennomføre samtalar med elevar som har det vanskeleg?

Ja, det å snakke med den eleven som har det vanskeleg er heilt essensielt, og bør vere ein del av alle undersøkingar.

Som vi veit, har jo eleven ein rett til å bli høyrd, men ingen plikt til å uttale seg.

Når det gjeld sjølve samtalen, så må det leggjast til rette for at eleven har tillit til den vaksne den skal snakke med. I tillegg må ein forsøke å unngå at eleven opplever samtalen som ei byrde eller belastning. Det er derfor viktig at samtalen gjennomførast på ein eigna stad og at ein stiller opne spørsmål som gjer at eleven får moglegheit til å fortelje fritt og opne seg om sine opplevingar. Det er også viktig at skolen tar nokre notat frå den undersøkende samtalen. Undersøkande samtalar krev altså både litt førebuing og etterarbeid.

Vi vil også minne om at i saker som involverer fleire elevar, må skolen leggje til rette for å høyre alle dei involverte.

Observasjon er ein annan god måte å undersøke på, men det er viktig å vere bevisst på at observasjon som metode er noka anna enn å berre sjå *godt etter* eller *følgje ekstra med*. Fordi når ein observerer systematisk og målretta, ser ein etter noko med ei spesiell merksemd. Det kan til dømes vere korleis eleven er i samspel med andre, korleis gruppedynamikken er, og om det er bestemte gruppehierarki eller klikkdanningar i skole- og klasse miljøet. Dette er faktorar som kan spele ei stor rolle i eleven si oppleving av skolemiljøet.

Observasjonar vil også krevje noko forarbeid, slik at skolen veit kva dei skal sjå etter, og korleis observasjonane skal gjennomførast. Dei som skal gjennomføre observasjonane må vere merksame på at det som noterast ned er nøytrale betraktningar, mens tolking og analyse først skal gjerast i etterarbeidet.

Skolen må også vere klar over at dei ikkje berre skal sjå etter det som stadfester eigne hypotesar, men vere opne for at observasjonane kan avdekke forhold dei sjølv ikkje var klar over.

Då går vi vidare til å sei litt om relasjonskartlegging som undersøkingsmetode i skolemiljø saker.

I saker der det kjem fram at eleven til dømes opplever å ikkje vere ein del av det sosiale fellesskapet, eller opplever at nokon av relasjonane med medelevar eller vaksne på skolen er problematiske, kan det vere aktuelt å foreta *relasjonskartlegging* som ein del av undersøkingane.

Som de veit, så fremjar positive relasjonar læring, inkludering, helse og trivsel, mens negative, svake eller brotne relasjonar, kan føre til at eleven ikkje har det trygt og godt på skolen. Dette kan gjelde både relasjonen eleven har til medelevar, eller til vaksne på skolen.

Og så er det sånn at skolen faktisk har eit ansvar for å leggje til rette for at alle elevar får moglegheit til å etablere positive relasjonar til sine medelevar. Dersom ein elev har vanskar med å utvikle slike relasjonar, kan det vere aktuelt å setje inn relasjonsbyggande tiltak.

Skolen kan få kunnskap om sosiale dynamikkar i elevgruppa ved å gjennomføre til dømes undersøkende samtalar, systematiske observasjonar, eller ikkje-anonyme spørjeundersøkingar. Døme på slike ikkje-anonyme spørjeundersøkingar kan vere «Øde øy», «Innblikk», eller den ikkje-anonyme versjonen av Spekter.

På bakgrunn av slike undersøkingar kan ein utarbeide sosiogram, relasjonssirklar eller relasjonsskjema som kan gi ei visuell oversikt over dei sosiale relasjonane. Denne type kartlegging vil ofte vere eit viktig supplement til andre undersøkingar skolen gjennomfører, og kan gi eit innblikk i kven eleven har ein god, usikker eller svak relasjon til.

Hensikta med slik kartlegging er altså å avdekke om, eller kor det er behov for å setje inn tiltak for å betre relasjonane. I tillegg kan den sei noko om eleven sin posisjon i elevgruppa, og bidra til betre forståing av korleis eleven opplever skolekvardagen.

Det er sjølvsagt viktig at relasjonskartleggingane blir analysert og brukast saman med funn frå dei andre undersøkingane. På den måten får skolen eit heilskapleg bilete av kva faktorar som påverkar eleven si oppleving av skolemiljøet.

Som Tone nettopp sa, så er det viktig at skolen analyserer resultata av dei ulike undersøkingane som blir gjennomført fordi det er viktig å sjå undersøkingane i samanheng. På den måten kan skolen få eit heilskapleg bilete av situasjonen som igjen gir kunnskap om kva tiltak som kan bidra til positive endringar i skolemiljøet.

Vi ser i fleire av våre saker at skolane ofte har gjennomført undersøkingar men at sjølve *analysen* manglar. Det kan tenkast at skolane har nok *kunnskap* om situasjonen, og om faktorene i skolemiljøet, men utan ein analyse vil det vere svært vanskeleg å setje inn tiltak som samla sett er gode nok. Mangel på analyse fører ofte til at skolane set inn tiltak for å avhjelpe *enkelt* problem i skolemiljøet, mens *andre* problem, som også blir peika på i dokumentasjonen, ikkje adresserast i problemskildringa eller i tiltaka.

God kvalitet på både undersøkingane og analysane er ei forutsetning for å vurdere kva tiltak som er egna i ei gitt sak. Det finst ulike analysemodellar som kan hjelpe skolen i dette arbeidet. På Utdanningsdirektoratet sine nettsider kan de lese meir om dette, og de finn lenke til desse ressursane på vår nettside.

I videoen vi har lagt ut om aktivitetsplikta i ny opplæringslov, snakka vi om at det i samband med dokumentasjonskravet har kome inn ei presisering om at skolane skal dokumentere i den forma og det omfanget som er nødvendig. Og dette skal vi sei noko meir om no.

Plikta til å dokumentere har fleire formål. For det første kan dokumentasjonen bidra til å trygge eleven og foreldra på at skolen tar saka på alvor. I tillegg kan det sikre ein fagleg forsvarleg og hensiktsmessig praksis ved skolen. Det kan også bidra til å forenkle arbeidet for skolen dersom ei sak blir meld til Statsforvaltaren eller om det blir ført tilsyn. Skolen bør derfor ha gode system og rutinar for korleis dei skal dokumentere undervegs.

Det at skolen skal dokumentere i den forma og det omfanget som er nødvendig, inneber at skolane må gjere ei vurdering i kvar enkelt sak av kor mykje og kor detaljert dokumentasjonen skal vere.

Døme på relevant dokumentasjon frå skolen sine undersøkingar er observasjonsloggar, notat frå munnlege meldingar, meldeskjema, kontakt frå elevar og foreldre om skolemiljø, referat eller notat frå samtalar med elevar, trivselsundersøkingar og referat frå samtalar med foreldre.

I og med at omsynet til eleven sitt beste, og eleven sin rett til å bli høyrd skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolemiljøsaker, må også dette kome fram av skolen sin dokumentasjon.

Ja, og då er vi kome til vegg ende i denne gjennomgangen av plikta til å undersøke. Vi håper videoen er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med undersøkingar i skolemiljøsaker, og vi oppmodar dykk til å bruke Utdanningsdirektoratet sine digitale ressursar på dette feltet som de finn lenke til på våre heimesider.

Vi minner igjen om at det er mogleg å ta kontakt med oss via våre nettsider eller på vår kontakttelefon som er open måndagar frå tolv til to, og andre kvardagar frå ti til to. Telefonnummeret dit er 90 91 50 45.

Takk for no!